



FJELL KOMMUNE



Møtte:

Linda Sæterlid (lærarrepr.)

Hans Brevik (lærarrepr.)

Ann Elin Street (andre tilsette)

Elevrådsrepresentant Sebastian

Elevrådsrepresentant Karen

Knut-Idar Haugland (FAU)

Silje Hemmingsen (FAU)

Vidar Moen (kommunestyrerep.)

Ragnhild K Magerøy (rektor)

Vara: Torbjørg Andersen

Vara: Lillian Mauland

Vara: Eirin Gripsgård

Vara:

Vara:

Vara:

Vara:

Vara: Tone Elise Bubrandt

Referat i Skulemiljøutvalet (SMU)/ Samarbeidsutvalet (SU) ved Foldnes skule

Tid: Torsdag 20.11.2019.

Stad: Foldnes skule.

Meldt avbod: Vidar Moen – vara møtte ikkje, Ann Elin Street – vara møtte, Linda Sæterlid – vara møtte ikkje.

Saker SMU:

SMU-1-19/20

Konstituering og møteplan: Knut Haugland er leiar, Silje Hemingsen er nestleiar og rektor er sekretær. Dei to neste møta vert 19.02.2019 og 13.05.2019.

SMU-2-19/20

Godkjenning av innkalling og sakliste: Godkjent.

SMU-3-19/20

Orientering om elevane sitt psykososiale miljø ved skulen: Skulen har fått bygd opp gode rutinar sidan nytt lovverk tredde i kraft for to år sidan. Skulen har per dags dato miljøterapeut, og er spent på korleis det vert i ny kommune. Om det vert oppdaga eller varsla om at nokon ikkje har det bra skal den tilsette fylle ut eit varslingskjema som vert sendt vidare til rektor. Kontaktlærar snakkar med føresette og med elev. Skulen har psykososialt team som består av leing, miljøterapeut, helsesjukepleiar, spesialpedagogisk koordinator og spesialpedagog. Alle saker vert drøfta der og handling i form av samtalar, undersøking eller observasjon vert starta. Når ein har nok informasjon vert føresette kalla inn til møte og sama finn ein tiltak som kan gjere det psykososiale miljøet betre for eleven, tiltaka vert samla i ei Aktivitetsplan som vert evaluert gjevne, saman med føresette, i den påfølgande tida. Eleven vert og høyrd om tiltaka.

SMU-4-19/20

Orientering om Miljøtretta helsetilsyn: Tilsyn av skulen sin internkontroll vert gjennomført på skulen 29.11.2019. Dette etter ombygginga. Skulen har dei siste åra hatt midlertidig godkjenning grunna manglar.

SMU-5-19/20

Eventuelt:

Elevkvelden: Elevrådet melder attende om at dei er nøgd med elevkvelden og ønskjer fleire.

FAU ønskjer at elevrådet skal få større ansvar for elevkveldane ved å stå for musikk, kiosk og dørvakt.

Uteområdet: Elevrådet melder om at elevane ønskjer seg basketballstativ og nye handballmål.

Saker SU:

SU-1-19/20

Konstituering og møteplan: Knut Haugland er leiar, Silje Hemingsen er nestleiar og rektor er sekretær. Dei to neste møta vert 19.02.2019 og 13.05.2019.

SU-2-19/20

Godkjenning av innkalling og sakliste: Godkjent, FAU har ei sak på Eventuelt.

SU-3-19/20

Status renovering: Renoveringa er i siste fase og vert avslutta fredag inneverande veke.

Tilsette og elevar kjenner at det er godt at det er over og er nøgd med nye fasilitetar.

Grovgarderobene er knappe og krev betre organisering enn det vi har fått til per i dag.

SU-4-19/20

Skulerute 2020/2021: Den føreligg ikkje frå skulekontoret endå. Skule har per i dag ikkje trong for lokale endringar for komande skuleår.

- SU-6-19/20 Kort orientering om budsjett 2020:
- SU-5-19/20 Najonale prøver 2019: Kort gjennomgang av resultat på skule- og kommunenivå. Skule har rutine for oppfølging både på individ og systemnivå i etterkant av kartlegginga. I førekant av gjennomføring vert elevane gjort kjent med formatet og form. Som dysleksivennleg skule kjenner vi på utfordringa kring denne gruppa som til vanleg får nytte hjelpemidde, men ved avviking av nasjonale prøver er ikkje dette tillat. Dysleksi Norge jobbar med problemstillinga.
- SU-6-19/20 Busstransport: FAU melder om at ein del elevar som skal ta bussen for farleg skuleveg vert ståande att på busstoppet då bussen er full ved passering. Dette grunnar i at elvar som skal ta rutebuss (ordinær skuleskyss) går på bussen for farleg skuleveg. Det er viktig at elevar som har svart kort nyttar bussen for ordinær skyss, altså rutebussen, medan elevar som har fått grønt busskort grunna farleg skuleveg nyttar bussen som vert køyd av Turbuss Vest. Skulen tek igjen kontakt med busselskapa og oppmodar om at dei ber elevane vise fram busskort ved påstigning, og eventuelt merkar bussen som er sett opp for farleg skuleveg. FAU har og ytra uro for elevar som nyttar busstoppet ved avkøyringa til Gamle Foldnes. Rektor og representant frå FAU tek konakt med leiar på samferdsel for å høyre om det kan sikrast betre kring dette busstoppet. Svar frå leiar for samferdsel til FAU-representant i mail 21.11.2019: *«Vi kjem til å sende inn eit forslag om å lage til ei midlertidig kryssing, der det permanente kjem i samband med utbetringa av Foldnesvegen. I frå der kryssinga skjer, ønskjer vi å setje opp tung sperre mellom der elevane skal gå og køyrebana. Tungsperringa vil følgje vegen frå overgangsfeltet og bort til krysset inn mot Gamle Foldnesvegen (på vestsida av vegen). På den måten håper vi at vi klarer å «styre» elevane inn på riktig gangtrasé. Eg har no snakka med statens vegvesen som er ansvarleg for trafikktryggleiken langs vegen, og dei er positive til tiltaket, men må få ein plan for å kunne gjere eit vedtak (eg lagar til planen i løpet av dagen/morgodagen).»*
- SU-7-19/20 Trafikksituasjon kring skulen: Ny påminning vert lagt ut på heimesida, samt at skulen minner om å følgje anbefalt køyremønster på sms. FAU legg ut ei påminning via klassane sine facebooksider og minner om at andre som henter elevar og må få innføring i anbefalt køyremønsteret. Om situasjonen ikkje betrar seg vil FAU sette opp ei vaktordning slik nat føresette følgjer opp anbefalt køyremønster i ein periode om morgonane.
- SU-8-19/20 Eventuelt:
FAU tek opp skjermbruk i matpausa. Ein del av reportasjane på Supernytt er ikkje for alle og det vert oppmoda om å sjå gjennom det som blir vist på førahand. Rektor informerer om at skule har fokus på å balansere innhaldet i matpause i ei god blanding mellom høgtlesing, sosial interaksjon og skjerm. Skule tek oppmoding frå Fau med seg i vidare arbeid.

Foldnes skule 21.11.2019

Ragnhild K Magerøy
referent